



Arkivnr: 2019/164-75

Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik, Tor Titlestad og David Aasen Sandved

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		31.10.2019

Søknad til Fylkesutvalet om støtte til jubileumsseminar for markering av Bryggen 40 år som verdsarv

Samandrag

Fylkesutvalet har motteke søknad frå Verdsarvrådet for Bryggen om støtte til jubileumsseminar i høve Bryggen si markering av 40 år som verdsarv 26.oktober 2019.

Fylkesrådmannen ser jubileumsseminaret i høve markering av Bryggen 40 år som verdsarv som eit naturleg arrangement å gje økonomisk støtte til frå Hordaland fylkeskommune. Av søknaden går det fram eit samla budsjett på kr 62.000 for seminaret. Fylkesrådmannen rår til at denne summen vert løyvd.

Økonomi: Støtta vil ikkje ha negativ effekt på driftsresultat, lånegjeld eller disposisjonsfond.

Klima: Prosjektet vil ikkje ha negativ verknad for klima.

Folkehelse: [Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle](#): Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 [PREMISS: KULTUR](#).

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet løyver 62 000 kroner til Verdsarvrådet for Bryggen frå Fylkesutvalet sin rådveldekonto (Stad: 720 200 00).

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 02.10.2019

Bryggen er saman med Urnes dei eldste verdsarvstadane i Noreg og blant dei tidlegaste også sett internasjonalt. Det er godt kjent at Bryggen har verdsarvstatus, men ifølgje søkjar er det noko mindre kunnskap knytt til kva verdsarv er og kva ein verdsarvstatus fører med seg. Slik ser dei på jubileumsåret som eit godt høve til å sjå på ulike måtar å formidle verdsarv og ideen bak verdsarv. Søkjar håper at dette året skal vere eit høve til å setje i gang prosjekt som kan få effekt langt utover sjølve jubileumsåret. Målsettinga til søkjar er å styrkje det lokale eigarskapet for verdsarvstaden Bryggen og auke forståinga for kva ein verdsarvstatus fører med seg.

Sjølve innskrivingsdagen (26.10.19) vil søkjar skal markerast med eit populærvitskapeleg seminar på Bryggens Museum. Seminaret er eit samarbeid med Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje, Middelalderklynga ved Universitetet i Bergen og Bymuseet i Bergen. Seminaret skal markere starten på Mellomalderveka som Middelalderklynga arrangerer kvart år. Seminaret skal vere populærvitskapeleg og retta mot alle som måtte ynskje å kome. Det skal vere fri inngang for at seminaret skal vere eit lågterskeltilbod. Søkjar satsar på anerkjende formidlarar som både er høgt kvalifiserte fagfolk, eller på andre måtar har god kunnskap om temaet, kombinert med at ein skal kunne treffe eit bredt publikum.

I etterkant av seminaret skal det vere avduking av offisielle UNESCO-plakettar. Søkjar håper på ein brei offisiell representasjon til stades ved avdukinga, både riksantikvar Hanna Geiran og representantar frå UNESCO Norge og Verdsarvsenteret i Paris. Det vil være en lunsj mellom seminaret og avdukinga for dei spesielt inviterte gjestene.

BUDSJETT

Verdsarvrådet for Bryggen har sendt inn følgjande budsjett:

Currentes - musikalsk bidrag	30 000
Gunnar Staalesen	6 000
Gunnar Danbolt	6 000
Henning Laugerud	6 000
Margrethe Stang	6 000
Blomstar	1 500
beverting – kaffi	2 500
diverse utgifter (trykksaker, rollup)	4 000
SUM	62 000

Søknadssum frå Hordaland fylkeskommune: 62 000 kroner.

Vedlagt er fullstendig søknad frå Verdsarvrådet for Bryggen